



Notat

Dato: 27.02.2015
Arkivsak: 2015/120-2
Saksbehandlar: benutne

Til: Samferdselsutvalet, Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Fv 209 Storskaret – Arefjord – status – korrigerering

Viser til melding RS 1/2015 til Samferdselsutvalet og RS14/2015 til Fylkesutvalet, der fylkesrådmannen mellom anna orienterer om framdrift og ekstrakostnader med å byggja prosjektet Storskaret – Arefjord før nytt Sotrasamband vert bygd. I meldinga gjekk det fram at total ekstrakostnad for kryssløysing mot Rv 555 ville utgjera omlag **36 mill kr**.

Ettersom riksvegprosjektet nytt Sotrasamband vil bli realisert, og er forventa ferdig rundt 2022-24 (ut frå dei opplysningar Statens vegvesen har no), vil Storskaret – Arefjord si tilknytning til Rv 555 vera midlertidig, frå rundt 2017 til rundt 2022-24. Kostnadsoverslaget på 36 mill kr gjeld den opphavleg regulerte kryssløysinga inkludert kulvert på 5 mill kr.

Statens vegvesen prosjekterte i 2014 ei enklare kryssløysing til omlag 5 mill kr, med ei enkel påkobling mot Rv 555. Dette for å unngå å byggja eit kostbart toplankryss som må rivast etter få år. Denne løysinga har Fjell kommune behandla som ein mindre reguleringsendring. I tillegg kjem kulverten på rundt 5 mill kr, som også berre har ein midlertidig funksjon. Dermed er anslaget på den midlertidige løysinga som no skal lysast ut rundt **10 mill kr**. Resten av prosjektet er prosjektert etter opphavleg reguleringsplan.

Utløysing på Doffin vil som tidlegare meldt bli lagt ut rundt påsketider 2015, slik at prosjektet kan starta opp hausten 2015 og stå ferdig våren 2017.